

Saksprotokoll 02.06.2020 - hovudutval for opplæring og kompetanse

Rasmus Laupsa Rasmussen, A, sette på vegner av A, Sp, Sv, MDG og KrF fram slikt forslag (a):

«Tillegg:

Nytt punkt 6.6

Politisk arbeid definerast som deltaking på aktivitet i regi av eit politisk parti, ungdomsparti, politisk organisasjon eller interesseorganisasjon, anten som deltakar eller som arrangør.»

Pauline Tomren, MDG, sette på vegner av MDG, A, Sp, Sv og KrF fram slikt forslag:

«Tillegg:

Teksttillegg til fråværsdokumentet:

- Dette skrivet er berre ei kortfatta oppsummering av fråværsreglane til fylkeskommunen. I nokre tilfelle gjeld andre krav til dokumentasjon, og det finst meir utfyllande informasjon om kva som er gyldig/ugyldig fråvær enn det som kjem fram i dette skrivet. Det kan også vere fleire tilfelle som gir grunnlag for å slette fråvær frå vitnemålet enn det som står her. Dei fullstendige retningslinjene finn du på utdanningsdirektoratet si heimeside: <https://www.udir.no/regelverkstolkninger/opplaring/Vitnemal/fravarsgrense---udir-3-2016/> «

Rasmus Laupsa Rasmussen, A, sette fram slikt forslag (b):

«Alternativ:

Utvalet visar til reglement lagt fram i RS 11/20 og vedtek reglementet.»

John Andre Kongsvik, H, sette på vegner av H og Frp fram slikt forslag:

«Saka vert utsett.»

Avrøysting utsetjingsforslag:

Kongsvik sitt forslag fekk fem røyster (H, Frp og FNB) og falt.

Rasmus Laupsa Rasmussen, A, sette fram slikt forslag (c) :

«Tillegg:

Saka går vidare til handsaming i fylkesutvalet og fylkestinget.»

Avrøysting

Rasmussen sitt forslag (a) og (b), med Tomren sitt forslag fekk 10 røyster (A, Sp, Sv, Krf, MDG og R) og vart vedteke mot mot 5 røyster (H, Frp, FNB) for fylkesrådmannen sitt forslag.

Rasmussen sitt forslag (c) vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1.Utvalet visar til reglement lagt fram i RS 11/20 og vedtek reglementet med slike tillegg.

Nytt punkt 6.6

Politisk arbeid definerast som deltaking på aktivitet i regi av eit politisk parti, ungdomsparti, politisk organisasjon eller interesseorganisasjon, anten som deltakar eller som arrangør.

Til fråværsdokumentet:

Dette skrivet er berre ei kortfatta oppsummering av fråværsreglane til fylkeskommunen. I nokre tilfelle gjeld andre krav til dokumentasjon, og det finst meir utfyllande informasjon om kva som er gyldig/ugyldig fråvær enn det som kjem fram i dette skrivet. Det kan også vere fleire tilfelle som gir grunnlag for å slette fråvær frå vitnemålet enn det som står her. Dei fullstendige retningslinjene finn

du på utdanningsdirektoratet si

heimeside: <https://www.udir.no/regelverkstolkninger/opplaring/Vitnemal/fravarsgrense---udir-3-2016/> «

2. Saka går vidare til handsaming i fylkesutvalet og fylkestinget.